

MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 3 2024. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I disse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Brevna kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Temaa for dette nummeret er tre viktige rapportar, ein om klima frå verdas meteorologorganisasjon, ein frå Friends of the Earth om kvinner i smålandbruk når agroindustri spreier seg, og ein om materialbruk, urbanisering og investeringar frå FN's ressurspanel. Vil du som les, skrive, eller du har stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 4 i dette brevet.

VERDENS METEOROLOGER SLÅR ALARM



LUFTTEMPERATUR: 2023 var det varmeste året siden systematiske, globale temperaturmålinger startet rundt år 1850, 1,45 grader over forindustrielt nivå og altså like oppunder grensa frå Paris-forhandlingene i 2015. De sykliske forandringene i havstrømmer i Stillehavet forårsaket av El Nino og motstykket La Nina medvirket til temperaturstigningene, men temperaturene steg også unormalt raskt i områder som ikke ble påvirket, som Nordøst-Atlanteren.

DRIVHUSGASSER: Konsentrasjonene av de tre dominerende drivhusgassene, karbon-dioksid, metan og nitrogenoksid, nådde rekordnivå i 2022, som er det siste året meteorologene har globale målinger fra. Foreløpige målinger fra fjoråret tyder på at mengdene øker ytterligere.

HAVVARMEN nådde i 2023 sitt høyeste nivå de 65 årene målinger er utført. Målinger viser varmere hav ned til 2000 meters dyp. I Nord-Atlanteren var overflatetemperaturen ved utgangen av året tre grader over normalnivået. Hav er enorme vannmagasin, slik at ny nedkjøling vil ta hundretalls år. Verdens hav rammes også av kortvarige hetebølger, som ødelegger eller skader marine økosystemer og korallrev.

GLOBALT HAVNIVÅ steg til rekordnivå, på grunn av issmelting og at vann utvider seg

når det blir varmere. Satellittmålinger viser at i siste tiår (2014-2023) stiger havnivået mer enn dobbelt så raskt som det første tiåret med slike målinger (1993-2002), fra to millimeter i året og til nesten 5 millimeter. Det rammer lavtliggende områder som Bangladesh og stillehavsoyer, og det rammer kystbyer som New York, København, Stockholm, Jakarta og Shanghai. Rike land har ofte mulighet for å bygge diker og lede havvannet vekk, fattige land har det ikke.

ISMASSET I ANTARKTIS i februar var mindre enn noensinne. Arealet var en million km² mindre enn tidligere registrert laveste nivå. Samtidig opplevde Grønland sin varmeste sommer i kjent historie, 3,4 grader varmere enn gjennomsnittet for 1991-2020 og derfor økt issmelting.

ISBREER: Foreløpige data fra målinger av isbreer for 2022-2023 viser en tilbakegang som er den raskeste siden presise registreringer begynte rundt 1950. Særlig har tilbakegangen vært stor i vestlige Nord-Amerika og Europa. Reduserte isbreer, kortere vintre og skog- og utmarksbranner fører til mørkere breer og raskere smelting.

MATMANGEL, MENNESKER PÅ FLUKT FRA RASERTE LEVEOMRÅDER OG SKADEVIRKNINGER FOR SÅRBARE SAMFUNN fortsatte å øke i 2023, med vær- og klimaskader av tidligere ukjent omfang i mange områder.

Klimakrisen er den avgjørende utfordringen menneskeheten står foran. Hetebølger, flommer, tørke, branner og intense tropiske sykloner fører til veldige ødeleggelse på alle kontinenter og enorme økonomiske tap, og det rammer sårbare befolkninger mer enn andre. Millioner mennesker blir utsatt for akutt matutrygghet, og hundretusentalls mennesker må forlate sine hjem. Dette skriver generalsekretær Celeste Saulo i Verdens meteorologorganisasjon i forordet til rapporten *State of the Global Climate 2023*.

Rapporten ble lagt fram 19. mars og presenterer de viktigste meteorologiske målingene for året 2023, med et vell av dystre rekorder. Det følgende er bare en gjennomgang av hovedtanke. Rapporten kan lastes ned på engelsk fra hjemmesidene til organisasjonen.

SMÅBRUKERNES DAG 17. APRIL

17. APRIL 1996 BLE 19 SMÅBØNDER I BRASIL DREPT AV REGJERINGSSTYRKER. DEN TRAGISKE HENDELSEN FANT STED FORDI SMÅBØNDENE FORSVARTE SIN RETT TIL Å DRIVE JORD. ETTER MASSAKREN BLE 17. APRIL INNSTIFTET SOM DEN INTERNASJONALE SMÅBRUKARDAGEN. I MANGE LAND GJENNOMFØRER SMÅBRUKERORGANISASJONER OG STØTTESPILLERE ARRANGEMENT DENNE DAGEN.

INTERNASJONALT UTVALG I NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG VIL ARRANGERE EN FROKOSTSAMTALE I OSLO SAMMEN MED UTVIKLINGSFONDENS UNGDOMSORGANISASJON SPIRE OG LATIN-AMERIKA-GRUPPENE. BRIGADISTER FRA COLOMBIA OG GUATEMALA DELTAR. POLITIKERE BLIR INVITERT.

OM KVELDEN PLANLEGGER VI ET WEBINAR OM SMÅBRUKERES SITUASJON RUNDT OM I VERDEN. NÆRMERE OPPLYSNINGER KOMMER I APRIL-BREVET.

KVINNEFIENDTLEGE JORDBRUKSMODELLAR

Women and agrocommodities



Impacts and resistance from a feminist perspective

11/2023



Småbrukarar produserer opp til 80 % av maten i ikkje-industrialiserte land, og kvinner er ansvarlege for 60-80 % av denne produksjonen, men selskapsjordbruket søker stadig vekst i sin produksjon og omsetning - på kostnad av småskalaproduksjonen. Denne teksta ser nærmare på dei kvinnespesifikke utfordringane når industrielt og eksportretta jordbruk tek over bruken av land som tradisjonelt har blitt brukt til lokale føremål. Ho er basert på rapporten «*Kvinner og jordbruksprodukt - verkningar og motstand frå eit feministisk perspektiv*» (originaltittel: *Women and agrocommodities - impacts and resistance from a feminist perspective*), gitt ut av Friends of the Earth International (FOEI) i november 2023.

Fyrst litt om Friends of the Earth International: dette er eit internasjonalt nettverk av grasrotbaserte miljøorganisasjonar i 73 ulike land, med fleire millionar medlemmer. FOEI vart stifta i 1969 og har for tida hovudkontor i Nederland.

I rapporten definerer FOEI ein *agrocommodity* som eit jordbruksprodukt produsert i industriell skala, ofte selt vidare av store agroselskap, og del av eit agroindustrielt system. Slike produkt blir også gjerne kalla *pengeavlingar*, i motsetnad til *matavlingar*, altså avlingar som har til hensikt å forsyne familien eller lokalsamfunnet med mat. Vidare i teksta vil eg bruke omgrepa *jordbruksprodukt* og *produktjordbruk* der FOEI har brukt *agrocommodities*.

FOEI viser i rapporten til at produktjordbruket har mange direkte og

indirekte negative effektar for kvinner. Rapporten kan ikkje lesast som ein objektiv rapport, då den argumenterer med ei blanding av å vise til relevante rapportar og eigne resonnement, tidvis med uklare skilje mellom desse. Men påstandane, uansett om dei er fullt etterprøvbare eller ikkje, er likevel etter mitt syn interessante bidrag til debatten om maktforhold og produksjonsmåtar i matproduksjon.

MINDRE TILGANG TIL MAT, LAND OG VATN

Innleiingsvis viser FOEI-rapporten til at kvinner mister råderett over land, vatn og andre ressursar når agroindustri kjem til bygda. Berre 30 % av verdas bygdekvinner er landeigarar, ofte er det mannen som er jordeigaren. Om jord blir leigd ut, er det mannen som får forteneasta, samstundes som kvinna mister ressursane til å produsere til familien og for lokalt sal. Mennene prioriterer ofte pengane annleis enn kvinner, som i stor grad prioriterer mat, utdanning, helse og omsorg for familien. Svært ofte inneber agroindustri avskoging, og kvinner opplever reduserte moglegheiter for å sanke mat for å supplere familiedietten, før til husdyr og ved, når skogane dei hentar mat, fôr og ved i, er borte eller ute av deira kontroll. Svært ofte gjer også produktjordbruket store beslag på vassressursane.

Kvinner i familieane hentar oftast vatn. Når ei vasskjelde blir privatisert, blir kvinnene i nærområdet tvinga til å anten gå lenger eller betale for skyss for å få tak i reint vatn. Det reduserer moglegheita mange har til å produsere mat og gjer dei meir avhengige av å kjøpe mat, gjerne då frå nettopp produktjordbruket. Eit anna tap av kvinners suverenitet kan me sjå der produktjordbruket, t.d. palmeoljeindustri, skader økosystema for fisk. Ofte er det kvinner som fiskar, både for å skaffe familien mat og å tene egne pengar. Er fisketilgangen redusert, finst det døme på fiskarkvinner som melder at dei stadig oftare møter krokodiller, fordi krokodillene manglar mat.

HELSEPROBLEM OG OMSORG

Rapporten argumenterer for at produktjordbruket kan skade helsa til både kvinner og deira familiar og på-

føre kvinner ei større omsorgsbyrde, sidan det vanlege er at kvinnene har mest omsorgsansvar i familien. Den mest openberre grunnen er negative helseeffektar av at folk får i seg giftige sprøytemiddel, både menn og eventuelt kvinner som blir direkte eksponert for gifta gjennom jobb på plantasje, og alle som går i seg slike stoff gjennom forureina drikkevatt. Born kan både bli sjuke og underernærte av forureina vatn. Ofte er det mennene som jobbar på plantasjar, men som nemnt kan produktjordbrukets inntog redusere kvinners sjølvstendige inntektshøve, og kvinner kan med det føle seg tvinga til å søke annan inntekt, som kan ende med at dei også jobbar i plantasjonen.

Rapporten peiker vidare på at giftstoffa i miljøet aukar familiens helsekostnader, og at sunne skogområde i nærmiljøet der folk oppheld seg og sankt medisinsplanter og mat ofte blir øydelagde eller gjort utilgjengelege. Vidare blir fysisk tøffe arbeidsforhold i plantasjar problematisert. Her blir det mellom anna vist til ein rapport som dokumenterer at gravide kvinner blir tvinga til å halde fram det harde arbeidet i sukkerplantasjar i Brasil heilt fram til dei føder, og at dei korkje får helsesjekk for seg sjølv eller for barnet, sjølv om dei jobbar med giftige agrokjemikal. Det blir også vist til at Amnesty har dokumentert tøffe, farlege arbeidsforhold i palmeoljeplantasjar for kvinner og barn ned til åtteårsalder, og at sjølv palmeoljesertifiseringa *Roundtable on Sustainable Palm Oil* (RSPO) bruker kjemikal som både truger miljøet, matsikkerheita og kvinners reproduktive helse.

VALD OG TRAKASSERING

FOEI-rapporten viser også til nye farear som kvinner kan bli utsette for når produktjordbruket kjem til nærområdet, ut over helseisiko og dømet med krokodiller. Det eine er at plantasjar gjerne tiltrekkjer seg store mengder single menn. Det er gjerne også utsal av alkohol nær der dei får løn. Fleire plassar blir det alkoholmisbruk blant dei single mennene og med det ein auka risiko for seksuell vald og trakassering av kvinner – både dei som arbeider på plantasjene, og dei som passerer. Rapporten nemner døme på at kvinner

blir tvinga til å gå meir forbi slike område enn dei elles ville gjort, på grunn av at vasskjelda dei tidlegare har brukt er blitt forureina eller avsperra. Det blir også vist til ein rapport frå *World Rainforest Movement*, som viser at kvinner i palmeolje- og gummiplantasjar har blitt utsett for vald, valdtekt, trakassering og undertrykking.

Det er heller ikkje ufarleg å organisere seg for å kjempe for rettane sine. Eit døme på dette er kriminalisering av lokalbefolkning som protesterte då palmeoljeselskapet REPSA i 2015 forureina 150 km av La Pasión-elva i Guatemala, som mellom anna tok livet av 50 tonn fisk. Ein vitnerapport for 2021 dokumenterer at 50 av dei drepne menneskerettsforkjemparane i verda dette året var småskalabønder. Av dei var ein av ti kvinner, og av dei to tredelar urfolkskvinner. Kvinner taper både når dei sjølv blir utsett for vald, eller fryktar å bli det, og når mennene, sønene og brørne deira blir fengsla eller drepne, og inntekta og støtta frå desse fell bort.

KVINNER KAN BYGGJE ANDRE MODELLAR

Rapporten viser at kvinner mange stader organiserer seg og ynskjer ein meir feministisk modell for matproduksjon enn det agroindustrien har å by på – ein modell som tek betre vare på både miljø, folk og komande generasjonar, og som let kvinner vere med og bestemme og å ha leiande roller. Dei meiner at lokalbasert skogforvaltning, agroøkologi og meir heilskapleg tenking er konkrete praksisar som lyftast fram.

Det er vanskeleg å vite nøyaktig kor mange av verdas bygdekvinner som er prega av produktjordbruket på desse måtane. Dei fleste problema som blir tekne opp, er heldigvis, ikkje aktuelle for norske bygdekvinner. Generelt er det grunn til å tru at kvinner i fattige land er meir prega enn i rike land, med utgangspunkt i at desse gjerne har svakare statleg regulering av og kontroll over miljøkrav og sosiale forhold, og gjerne samstundes er attraktive land å etablere seg i for produktjordbruksaktørar eller *agribusiness*.

UNDROP

Dette er gode grunnar for å jobbe vidare med praktisk implementering av FN-fråsegna UNDROP, som er ei konkretisering av verdas menneskerettar for småbrukarar og andre arbeidsfolk i bygder som FN's store fleirtal vedtok i 2019. Om me som forbrukarar ynskjer å kjøpe kvinnevennleg mat, kan ein inngang vere å leite etter mat sertifisert for å ha gode arbeids- og miljøforhold.

Generelt kan me tenkje at jo lenger vekk maten blir produsert, jo mindre kan me stole på at produksjonen ikkje går på kostnad av kvinnene som bur der maten kjem frå. Elles er det også slik i Norge at den store fortienesta i matverdijeda endar opp hjå mennene som er eigarar av daglegvarekjedene, og mat blir knapt selt utan at den har reist landet på langs fram og attende via pakkeri og sentrallager. Kan hende treng me ein annan modell her òg.

Margit Fausko

MATERIALBRUKEN MÅ NED


«Spørsmålet er ikkje lenger om ei endring i retning globalt berekraftig ressursbruk og -produksjon er nødvendig, men korleis det kan skje så raskt som råd.» Slik skriv to av dei leiande i FN's Internasjonale ressurspanel i forordet til den 160 sider rapporten med tittelen *Bend the trend* – Snu utviklinga, som FN la fram 1. mars.

DEN TREDDELTE GLOBALKRISA

Uttrykket Den tredelte globalkrisa (the triple planetary crisis) vart teke i bruk i FN-systemet rundt år 2020. Del ein av krisa er klimaendringane med varmare vår og meir ekstremvår. Del to er tapet av naturressursar og biologisk mangfald, del tre forureining av landjord, hav og luft. Denne tenkjeramma og språkbruken har i åra etterpå vore nytta som analysegrunnlag i forskning og politikk. Jordtap og -svekking ved erosjon og nedbygging og like eins tap av grunnvatn kjem inn under del to. Omgrepet fremjar heilskapstenking og -analyse rundt miljøspørsmål.

BRUKEN AV NATURRESSURSAR

Den tredelte globalkrisa inneber at gjennomsnittstemperaturen snart truleg blir både to og tre grader over førindustrielt nivå, at me ikkje berre går i møte eit varmare, men også eit våtare



og villare vår, at menneska og kloden har mindre naturressursar å møte dette med enn våre forgjengarar fordi naturmangfaldet er redusert og natur borte eller svekt, og at forureining og monokulturell drift har øydela delar av den naturen våre etterkommarar har å leve av.

Medan merksemda når det gjaldt utslipp lenge vart retta mest mot bruken av fossile brensler, la FN's klimapanel i sin 2022-rapport og no ressurspanelet vekta noko annleis, på tal som viser

bruk av naturressursar. Det å hente ut og behandle fossile brensler, mineral, ikkje-metalliske stoff som sand, grus og stein, og biomasse utgjør meir enn 55 prosent av samla klimagassutslipp. Tek me også omsyn til jordendringar, kjem me over 60 prosent. Av dette, materialbruk til menneske, utgjør biomassen 28 prosent, fossile brensler 18 prosent og mineral og grunnstoff 17 prosent.

Frå 1970 til 2020 har materialbruken vorte meir enn tredobla. Og framleis veks den med meir enn 2,3 prosent i året, trass alle målsetjingar om det motsette.

For vår del av verda handlar det ikkje minst om trua på at me skal kunne investere oss ut av problema og elles leve som før. Storinvesteringar krev ofte eit stort materialforbruk og driv opp utsleppa i sårbar notid. Me må, skriv panelet, våge å regulere forbruk og ikkje berre produksjon. Me må i mange høve nøye oss med det me har.

Dei illustrerer dette med å jamføre høginntektsland og låginntektsland. *I høginntektsland bruker me seks gonger meir materialar per innbyggjar enn i låginntektsland, og dei står for ti gonger så høge klimaavtrykk.* Dei mest velstående landa held omfanget av utslepp oppe, medan avtrykka i låginntektsland er lite endra sidan 1995.

fortsettelse neste side



HØGARE UTТАK, ANDRE MATERI- ALGRUPPER

I 1970 var bruken av naturmaterialar per innbyggjar på kloden 8,4 tonn. I 2020 hadde bruken auka til 12,2 tonn, langt raskare enn BNP-auken per innbyggjar. Men samtidig hadde materialbruken endra seg. Bruken av biomassen (avlingar, avlingsrestar, biologiske produkt frå beite og gras, tømmer og villfisk) hadde auka noko, fossile brensler like eins, medan metallbruken hadde vorte meir enn dobla og forbruket av ikkje-metalliske mineral fleirdobla. Eit hovudtrekk er at land i tidlege stadium av økonomisk utvikling vanlegvis nyttar meir biologiske materialar og energisystem, medan dette går ned i dei mest velståande landa, medan forbruket av andre naturressursar aukar. Forbruket av ikkje-fornybare naturressursar utgjorde 9,6 milliardar tonn i 1970 og 45,3 milliardar i 2020, altså ei femdobling.

URBANISERING GIR EIN VARMARE KLODE

Den delen av verdas befolkning som bur i byar, har auka frå 37 % i 1970 til 56 % i 2020. I Nord-Amerika og Europa bur rundt 80 % av innbyggjarane i byar, men urbaniseringa aukar også snøgt i utviklingsland. I Kina og mange land i Sør-Asia finn ei veldig oppbygging av infrastruktur i byar stad, mange stader med fabrikkbygningar og sterk luftforureining. Afrika er den verdsdelen som har snøggast urban vekstrate med 1,4 % i året.

Urbaniseringa er ei av dei tre fremste drivkreftene for meir bruk av naturmaterialar. Dei to andre er folketalsvekst og vekst i BNP. Normalsituasjonen er at folk i byar har eit høgare forbruk og nyttar meir energi, vatn og jord enn bygdefolk. I tillegg fører

urbaniseringa til auka behov for bustader, infrastruktur og transport. For ein betre global ressursbruk må tiltak først og fremst setjast inn i verdas byar.

Eit trekk ved den veldige byggjeaktiviteten er at den gjer landa meir og meir avhengige av global handel og materialtilgang frå eit fåtal land, Mineral, olje og produksjonspotensial til dømes for aluminium finst i nokre få land. Handelen med råvarer over landegrensar har vorte seksdobla sidan 1970. Transporten fører til store klimautslepp. I forlenging av dette ligg at mektige land anten må halde seg inne med råvareleverandørane eller ha eit maktapparat som gjer dei i stand til å hente ut varer også om dei møter motvilje.

BEHOVET FOR MINERAL OG ME- TALL TIL NYE ENERGIFORMER

I batteri, motorar og utstyr trengst metall og mineral som berre finst eller iallfall er oppdaga i små mengder. Risikoen er stor for at tilgangen skal stogge. Eit døme er kopar, som trengst i all elektrisitetsproduksjon og transportutstyr. Litium, kobolt, grafitt og nikkel trengst i bilbatteri. Nikkel og platina eller platina-legeringar trengst også i hydrogenanlegg og vindturbinar, det same gjer sjeldne jordslag.

Somme av desse minerala og metalla kan vere tilgjengelege frå nye gruver, men ofte tek det tid å få til utvinning, og ikkje sjeldan øydelegg utvinning urfolks levekår, som med gull, sølv, kopar og sink i område der innfødde grupper i Amazonas held til. Amazonas-land endrar lovverk for å gi enklare tilgang og jamvel bruker væpna styrkar for å slå ring om gruve drifta.

VEKSTJORD OG VATN

Medan folketalet har vorte meir enn dobla frå 1970 til 2022, frå 3,7 milliardar til 8, har arealet av dyrka jord auka sakte, frå 44,5 millionar km² til 49,8. Per innbyggjar er det nesten ei halvering, frå 12 til 6,3 dekar. Minst vekstjord per innbyggjar har Vest-Europa med 4 dekar per innbyggjar.

Noko av det same gjeld vatn. Nytteverdien av store elvar minkar fordi nedbøren i høgfjella kjem som regn, som renn ned med det same, og ikkje som snø som blir magasinert og blir til rennande vatn i tørrperiodar. Og grunnvassbasseng blir tømde. Dette skjer i større omfang i velstandsland enn i fattige land.

KVA KAN GJERAST?

Merksemda må rettast mest mot land av vårt slag, høginntektsland og land på veg inn i denne gruppa. Global politikk må utformast slik at material-

bruken i høginntektslanda blir redusert vesentleg meir enn samla vekst i låginntektsland. Tiår har gått frå oss i arbeidet for ein klode innanfor naturens toleevne.

Framtidssamfunnet må gå over frå målet om å tilfredsstille etterspørselen etter varer og til å regulere han etter folks behov. Det inneber å bruke skattar og subsidiar for å fremje berekraftige og nødvendige varer og å krevje varedeklarasjonar om klimafølgjer til dømes av matvarer. Internasjonale avtalar må inngåast for berekraftig handel.

Det må leggjast meir vekt på vedlikehald, varig bruk og gjenbruk framfor riving og nybygging. Særleg i velstandsland inneber det gjenbruk framfor riving og nybygging. Det inneber også å rette merksemda spesielt mot levemåten til dei rikaste. Når det gjeld forbruk, står 0,54 % av verdas menneske for like store klimautslepp som dei 50 % fattigaste, og aller mest i form av flybruk.

FOR OSS

Grunntenkinga i rapporten er i tråd med tenkinga i vår eigen organisasjon, men i eit globalt perspektiv. Det handlar om å sjå heilskapen, om at me i vår tid med aukande oppvarming og naturøydelegging må bruke naturen med varsemd og omtanke og om å bruke og vedlikehalde det som finst, og det handlar om global og nasjonal utjamning.

Særleg viktig er vurderingane av raske endringar, som bruk- og kast- og bygg- og riv-tenkinga og miljøfølgjene av dei raske endringane i busetnadsstruktur frå bygde- og landbrukssamfunn og til bysamfunn, som store delar av verda no er inne i. Den viser at nye private og offentlege bygningar og all den nye infrastrukturen som følgjer med urbaniseringa gir oss ein varmare klode. Det same gjer overgangen frå familiebruk og småbruk og til agroindustri i landbruket.

INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Leiar Margit Fausko,

e-post margit@smabrukarlaget.no

Jens Erik Furulund,

e-post jenserik.furulund@gmail.com

René Cortis,

e-post rene.cortis@gmail.com,

Audun Emil Tvedten,

e-post audun.e.tvedten@gmail.com

Olav Randen,

e-post boksmia@online.no